



Edel Karin Lægland heime på juleferie i Kleivadalsvegen i Korsnes i Uskedalen. Legg merke til skoa av reinsdyrskinn. (Foto: Åse Engelsen, innsida.no).

I september kjøpte Edel Karin Lægland (31) frå Uskedalen ei tømmerkoie på Finnmarksvidda og der har ho no busett seg – utan vatn og straum. Ho har jobba i Nordsjøen som mekanikar i snart 10 år og har leiligheit i Stavanger. Den leiger ho no ut.

Edel har ei syster som jobbar på det store prosjektet på Melkøya utanfor Hammerfest. Då ho vitja søstera, fann ho ut at i dette området ville ho bu eitpar år.

- Det er heilt nydeleg der oppe. Eg er 31 år og fri og frank, kvifor ikkje prøve noko nytt? Eg fann hytta på internett og slo til usett, fortel Edel Karin til innsida.no.

Hytta ligg miktdtvegs mellom Hammerfest og Alta, og det er to kilometer opp til ho frå hovudvegen. Tømmerkoia ligg i eit hyttefelt og er handlafta i Sverige i 1889. Den vart flytta til Finnmark etter krigen. Edel Karin har kjøpt snøscooter. Næraste tettstad er Skaidi som ligg ei mil unna. Edel Karin skaffar seg vatn ved å tina snø no vinterstid og ho har vedomn og gassomn. Snart er utedoen klar.

- Skaidi tyder 'der elvane møtest'. I namnet Kvinnherad tyder ordet 'Kvina' det same og eg kjenner meg difor som heime, seier uskedalsjente. I Skaidi er det ein butikk og der fyller ho vatn på ein dunk og handlar mat.

Om ho vil ha sosialt samvere, er ikkje det noko problem, for Edel Karin er sosial. Ho har ofte besøk i helgane.. Ei eldre dame som bur i området har laga sko av reinsdyrskinn til Edel Karin. Dei er utruleg varme når dei vert isolert med sennagras. Edel Karin har allereie fått god kontakt med lokale folk og har vore med på sanking av 8.000 rein. Hunden hennar – 'Inuk' – fekk og vera med på denne store opplevinga. Han kan trekka pulk og bera halvparten av vekta si, som er 50 kilo.

Edel Karin avviser at ho er ei typisk guttejente.

- Eg er ei impulsiv og feminin jente som lakkar tåneglane. Eg får ein tanke og gjennomfører den, seier Edel Karin.

Av Åse Engelsen



Tømmerkoia som Edel Karin Lægland har kjøpt.